

ÅRSMELDING 2016

Frivilligsentralen vert drive av Hjelmeland kommune og er organisert under kulturseksjonen med lokale i Vågahuset. Nettside: www.hjelmeland.frivilligsentral.no Frivilligsentralen har også profil på facebook, instagram og www.frivillig.no Helene Hetland arbeider i tilrettelagt stilling 1 dag i veka (+2 dagar i biblioteket). Ein flyktning har vore i arbeidspraksis deler av året. Åsmund Sigmundstad er dagleg leiar i 100% stilling. Tilskot frå kulturdepartementet var i 2016 kr 310.000 +20000 i tilskot for nettverksleiarrolla. Kommunestyre som årsmøte for sentralen vart halde 27. april 2016.

Styret

Styret har hatt 4 møter: 26.1, 12.4, 30.8, 30.11 og handsama 20 saker.
 Leiar Ståle Halsne (Lin Veronica Jakobsen (vararep.) 2015-2019
 Nestleiar Marit Sandanger, Margrete Tytlandsvik (vararep.) 2015-2019
 -Representant frå Felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne
 Grethe Gauthun Olsen (representerer frivillige) 2015-2017
 Svein Carlos Nilsen Gjil (representerer frivillige) 2015-2017
 Camilla Flem (Omsorg og levekår), Marta Ommundsen (vararep.) 2015-2019
 Gryta Krasikoviene (vararep. representerer frivillige) 2015-2017
 Kulturleiar har møterett og vert innkalla til styremøta. Vararepresentanten vert alltid innkalla til møta, Åsmund Sigmundstad er sekretær for styret.

Eksternt samarbeid og møter:

Grethe Gauthun Olsen og dagleg leiar var på inspirasjonssamling for styremedlemar og dagleg leiarar i Rogaland, Madla bydelshus 28.4.
 Styreleiar deltok på ekstraordinært landsmøte i Norges frivilligsentralar 6.9. Styreleiar og dagleg leiar var på regionsamling i Molde 21. og 22.9. Dagleg leiar var utsending på Landsmøte i Norges Frivilligsentraler og KS konferanse om frivilligsentralane.



Kurs i rekruttering for lag og organisasjonar med Siriann Bekeng, Frivilliget Norge.

Måloppnåing:

Visjon: Bidra med det du kan!

Hovudmål: Frivilligsentralen har arbeida for å samordne den frivillige innsatsen som privatpersonar og frivillige organisasjonar i kommunen utfører, og dermed styrke og fremme det frivillige arbeidet.

Delmål:

1. Leggje til rette for å styrkje og fremme frivillige lag og organisasjonar.

Dette er gjennomført:

- Arrangere kontaktforum for lag og organisasjonar 7.1 på Spinneriet.
- Kurs i rekruttering for lag og organisasjonar 8.9 i kommunestyresalen.
- Vidareutvikle samarbeid, plukke opp idear frå frivillige lag og gi hjelp til gjennomføring.
- Informasjon og rådgjeving til lag som vil søkje om eksterne tilskot.
- Oppdatere oversikt og kontaktinformasjon over frivillige lag og organisasjonar.

2. Stimulere til auka deltaking frå grupper som fell utafør det frivillige organisasjonslivet.

Dette er gjennomført:

- Vere samarbeidspartner i folkehelsearbeidet.
- Vere samarbeidspartner i høve til integreringsarbeid for flyktningar: Informasjonsarbeid og tilrettelegging slik at flyktningar kan delta på fritidsaktivitetar, dugnadar, konsertar, turar mm. Rekruttere frivillige til Hjelmelandsven. Skyss tur til Lauvåsen og klatredag med Turlaget, HLR redning med Røde kors på Snakka Norsk gruppe: Finansiert med 9000 i støtte frå Frivillig Rogaland.



Klatring med Turlaget.

6 Aktivitetsdagar i sommar- og haustferien i samarbeid med Biblioteket, flyktingtenesta, Ungdomsteateret, Røde kors og Speidar, 40000 i støtte frå Sparebankstiftelsen SR bank.



Familietur til Preikstolen.



Sjonglering i haustferien.

- 33 onsdagar Snakka norsk gruppe/ Språkkafé på biblioteket i samarbeid med frivillige.
- Koordinere 2 frivillige besøkshundekvipasjer til omsorgssentra.
- Tur til Halsnøy 21. mai 31 deltakarar, finansiert med eigenbetaling.
- Evaluering og vidareføring av fritidskortet i samarbeid med kulturkontoret, NAV og frivillige lag.

Halsnøytur



3. Koordinering og vidareutvikling av frivillig arbeid.

Sentralen har arbeida for å leggje til rette for at deltakarane får ansvar for å utforme tilboda sjølv slik at fleire i større grad blir aktive deltakarar meir enn passive mottakarar.

Dette er gjennomført:

- Rekruttere frivillige, arrangere årssamling 11.2 og inspirasjonssamling for frivillige 5.12.
- Kvardagsven, i samarbeid med frivillige, omsorgssenteret, kyrkja.
- Koordinere frivillige til "Glade hjul" på Årdal omsorgssenter kvar måndag.
- Koordinere frivillige til kafévertar på Årdal omsorgssenter 22 onsdagar. Frivillige er med å planlegger og gjennomfører eit variert program på onsdagskaféen.
- Fakkeltog, julegrantenning og graut på Spinneriet i samarbeid med Røde kors.
- Samarbeid med Trygg Trafikk kr 10000 i støtte, informasjonsarbeid og utlån barnesete til bil. Markering av refleksdagen. Kurs 8.6 sykkelgarden Sandnes 2 flyktingar + dagleg leiar.



Utdeling av refleks på refleksdagen.



På inspirasjonssamling i Tysvær

- "Den kulturelle spaserstokken" i Hjelmeland, 8 arrangement med kr 27771 i eksterne midlar.
- NRK TV aksjonen 23.10 i samarbeid med komité og bygdaråd/frivillige lag.

Hjelmeland 10.1.2017: Dagleg leiar Åsmund Sigmundstad